

A halda kjæft:

"Det det gjelder om nu er å holde kjæft". (Mickelsen 1905)

"Det som det nå gjelder er det som på godt norsk heter -
"å holde kjæft". (London kringkaster 9/10-44).

Vi går alvorlige tider imøte. Den siste åtvaringa fra den allierte overkommando til alle skip i norske farvater, viser dette. Likeins appellen fra vårt eige forsvarsvesen om skjerping av den militære taushetsplikt. Fridomen for landet vårt er i sikte, men det vil verta kamp, hard kamp. Dette seier oss at alle landsmenn i denne tida må lera seg til å oppføra seg ansvarsfullt. Ein må vera på vakt mot alle som fer med prat og sladder, og gjer tilhøva for dei som arbeider på heimefronten usikre.

Det er hydeleg sagt frå regjeringa vår i London at det nå ikkje kan takast med silkehandskar på slike element.

Det er mange typer av dei som med prat vert angivarar. Etter den erfaring som er gjort i det underjordiske arbeidet er det nokon berlege vi vil nemna som alle må vakta seg for.

Mellom mennene:

D e n s t r i p e t e, som gjerne vil halda seg inne med alle. Karakterlaus og pengegrisk. Likar å fortelje n.s.-folk om sine jössingvenner og tilhøva mellom dei, og omvendt til jössingfolka om sine n.s.-venner. Dei får ste opplysningar om dei indre tilhøva på heimefronten kjem fram til gestapo på denne måte.

S k r y t h a l s e n, som briskar seg over alt han er med på, og strur seg å vera midtpunktet for alt som skjer på heimefronten, i alle høve i det distriktet han bur. Er svert "hemmeleg" i alt han foretar seg, og ymtar om sine mange og vanskelege oppdrag.

L u r e r e n, som har fått nyss i noko, og som er sprekkeferdig etter å få veta meir. Han ser det som si spesielle oppgave å fylgje med kva andre "mystiske" personar driv på med. Dette er ein farlig type for arbeidet på heimefronten. Han er det som oftast gjer arbeidstilhøva usikre for dei som lever i dækning.

F e i g i n g e n, som aner at det er enkelte som gjer noko, og som får det travelt med å snakke om kor farleg det er for bygda o.s.v. at slike får gå lause.

Mellom kvinnene:

T y s k e l u d r a, karakterlaus, som nyttar allé organer ho kan fer å forråde landsmenn, og som nå mot slutten av krigen vil freista å gjera bolet sitt reide til å ta mot engelsmannen og yankien.

Sladderhænken som skal fortelje interessante ting til sine forvitne medsøstre i kvinneforeningar, selskap og alles nær det er høve til det. Er svert viktig over at ho har greie på ymse ting. Ein farlig type for alt illegalt arbeid. Nær i slekt med skrythænen mellom mennene.

D e n h y s t e r i s k e, som pratar vilt når det skjer noko i nærleiken, eller hender noko med slekt eller venner. Kan vera farlig dersom ho veit noko.

Alle desse typene må haldast på lang avstand fra alt illegalt arbeid. Dei høyrer reelt sett til fiendens femtekolonne innan heimefronten. Kvar kvinne og mann må vera klar over at det å vera lausrynd ikkje berre fører gode landsmenn i ulukka, men kan øydeleggje eit viktig frontavsnitt i kampen mot fienden.

Vi vil i tilslutning til dette repetere nokon gode reglar som alle landsmenn bør legge seg på minne:

Når du får veta om, eller ser ting som du ikkje skulle ha greide på, så hald dette heilt for deg sjøl.

Ha aldri den uvane å koma med halvkvoda viser om den eller den "som held på med noko."

Når du nyt alkohol, så var alltid merksam på at du ikkje er heilt herre over deg sjøl, slik at du kan prata om ting som du skulle haldt tett med. Det same gjeld diskusjonar som du kan koma opp i. La alltid

tanken vera fest på at du skal halda tett.

Alt dette må ein øve seg opp til, lære seg til. Meddelelsestrangen naturleg for alle menneske, serleg under dei demokratiske tilhøve vi levde under før. Men nå må ein legge band på denne trangen. Det vert tilslutt ei viljesak å vera tett, som det er ei viljesak å vera med i arbeidet. Plikta kjenner vi alle, men å vilja arbeidet må ein øve seg til. Ein vil og kjenne ei viss glede ved å vera viljesterk og karakterfast. Derfor lat oss alle vera enige om at vi i den tida som er att av krigen ikkje vil visa oss som pretende narr, men som medvetne gode nordmenn.

Åtvaring.

Då det viser seg at mange ennå ikkje har lært seg å ta vare på illgalt stoff, aviserm.m., ser vi oss nøyde til å repetere dei reglar som gjeld for alle som får slikt ihende.

1. Ei illegal avis ber ein aldri på seg, utan når ein skal levere den til ein annan pålitande nordmann.
2. Er ein uheldig og vert hukka med ei avis på seg, skal ein alltid seie at ein har fått den i posten, aldri hjå den eller den.
3. Ein må ikkje reddast gestape fordi ein har funne ei avis på ein. Gestape veit at det vrirmlar med slike visir, og dei veit at dei vert sende i posten. Husk alltid at dersom du tilstår noko, vert du pressa til meir. Òv deg derfor opp til å utstå tenkte forhøyr, og lær på denne måte å ta det med ro. Skulle det venta eit smuteslag, er det betre å utstå det eller å angi ein kamerat.

Churchil i Moskva.

Churchils og Edens konferanse i Moskva med Stalin og Molotov, ser ut til å innebære viktige begivenheter. Drøftelsene gjeldr særleg den militære sluttkampen mot Tyskland og sikringen av freden etterpå. Konferansen er på sett og vis en fortsettelse av møte mellom Churchill og Roosevelt.

Men på det politiske område kan vi også vente viktige ting fra konferansen. Det er sannsynlig at det polske spørsmål vil bli løst tilfredsstillende både for den felles allierte sak, som for det polske folk. Den polske statsminister i londonregjeringa er nå tilkalt til møte, og representanter fra den polske befrielseskomite i Lublin har allerede hatt konferanse med Churchill i Moskva.

Møte vil sikkert også behandle problemene omkring det interallierte sikringeråd, som hovedgrunnlaget for ble opptrukket ved konferansen i Dumbarton Oaks.

I Etne i Sunnhordland vert ein mann tatt gestape fordi han hadde ei hemmeleg avis på seg. På spørsmål kvar han hadde fått avisa, svarde han at ~~xxx~~ den låg ilukka etter han hadde vere på eit møte. Ein annan som kom ut for det samme, se han hadde fått ho i posten. Dei slapp begge frå det. - Kloke menn! - Ein tredje som og vert tatt, se han hadde fått avisa av en ven. Han og venen kom til Tyskland.

Vis deg alltid dum, dersom no ken spør deg om hemmelege ting, for då er du klok. Du skal ikkje eingong snakka frampå om slikt til din beste ven, men gløyma det.

LES DETTE; LÆR DET OG SPREI DET.